

Jarle Haugsvær
Postboks 1
5983 HAUGSVÆR



04.02.18.

Statens vegvesen
Nygårdsgaten112
5008 BERGEN

Sak 18/6382-2

Vi klager med dette på avslag om byggeløyve av garasje/reidskapshus.

Viser til befaring 24.01.18 og telefon 02.02.18. frå Sigmund Bødal.

Dykkas forslag om å flytte bygget til andre siden av vegen vår, vil vera svært uheldig for oss og naboar. På grunn av skrådd tomt må det settes opp ein stor mur som vil virke svært dominerande, og med bygg oppå der att, vil det ta det meste av sola for naboane som ligg nord for oss og lågare i terrenget. Eksisterande grensemur må dessuten forsterkast for å tåle eit slikt bygg. Vi har dessuten planlagt å plante frukt og bærbusker der, fordi det er mindre forureining frå E 39 der. Det vil også bli mykje dyrare og meir arbeid med så mykje muring og fylling. Har sjølve vurdert dette alternativet, men såg det som lite egna av ovanfor nemnde grunner.

Å sette opp eit bygg der vi har søkt om, såg vi ikkje som noko problem. Vi har 4 naboar som alle har garasjar ved gang og sykkelvegen. Dei kjører alle rett ut i vegen frå garasjane. Sidan vi vil køyra ut frå garasjen på eiga tomt og vidare på eigen veg for så å nytta eksisterande utkjørsle, meiner vi det er ei betre løysing. Vi er også svært plaga med støy frå trafikken forbi her, og trur at med ei slik plassering av bygget vil det dempe støyen ein del. Denne plassen kan ikkje brukast til noko anna for oss. Vi har i lang tid brukt denne plassen til å sette frå oss utstyr og biler, men har no moglegheit til å sette opp eit bygg der, så vi får alt under tak.

Vegvesenet har allereie tatt omlag 400 m² av tomten vår tidlegare. Den gangen vart vi lovd av vegvesenet att det ikkje skulle bli meir endringar forbi hos oss, dersom vi gav i frå oss dette av tomten til veg. Naboane har alle sett opp garasje ved vegen, så vi føler oss difor urimelig behandla. Kvifor har naboane fått bygge så nært til veien? Det vil vi i så fall ha ein skikkelig forklaring på. Vi ber om at de ser på saka på nytt og håper på eit positivt svar på søknaden.

Med vennlig helsing
Jarle Haugsvær

A handwritten signature in blue ink that reads "Jarle Haugsvær".

Kopi
Masfjorden kommune,
Postboks 23,
5981 MASFJORDNES